



Møteprotokoll

Utval: Eldreråd
Møtestad: Austefjorden, Volda rådhus
Dato: 02.03.2026
Tid: kl. 10.00 - 14.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Anne Lise Fredly	Ap	nestleiar
John Gerhard Leirvik	Frp	medlem
Egil Anders Straume	KrF	leiar
Magnhild Sande	MDG	medlem
Karsten Dagvin Osvoll	UAV	medlem

Andre som møtte:

Kommunalsjef helse og omsorg, Svein Berg-Rusten

Avdelingsleiar veg og park, Edvin Løfoll – OS 03/26

Spesialfysioterapeut Randi Heltne Alfsvåg – OS 01/26

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/605
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/605
PS 03/26	Orienteringar	26/605
OS 01/26	Bu trygt heime-dagen	26/605
OS 02/26	Postombæring	26/605
OS 03/26	Universiell utforming i gatene	26/605
OS 04/26	Konsekvenser av vedteke budsjett	
OS 05/26	Ynskje om felles møte for Råd for personar med funksjonsnedsetting	
OS 06/26	Frivilligsentralen	
OS 07/26	Universiell utforming på på dei nye bussane	
PS 04/26	Årsmelding Volda eldreråd 2025	21/432

Volda, 04.03.2026

Egil Anders Straume
Leiar

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

Behandling:

Det var 5 røysteføre ved møtestart.

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Det var ingen merknadart il protokollen frå førre møte.

PS 03/26 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Bu trygt heime-dagen
02/26	Postombæring
03/26	Universiell utforming i gatene
04/26	Konsekvenser av vedteke budsjett
05/26	Ynskje om felles møte for Råd for personar med funksjonsnedsetting
06/26	Frivilligsentralen
07/26	Universiell utforming på på dei nye bussane

Behandling:

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

OS 01/26 Bu trygt heime-dagen

Behandling:

Spesialfysioterapeut Randi Heltne Alfsvåg orienterte om "Bu trygt heime"-dagen.

Det blir temadag på Uppheim tysdag 14.04.2026 kl 11-15.

OS 02/26 Postombæring

Behandling:

Volda eldreråd kom med følgjande uttale: Eldrerådet er uroa for at postombering blir redusert, og vil behalde den ordninga som er i dag.

OS 03/26 Universiell utforming i gatene

Behandling:

Eldrerådet diskuterte saka. Avdelingsleiar veg og park, Edvin Løfoll møtte og svarte på spørsmål frå Eldrerådet.

Volda kommune har ikkje sjølv kartlagt sentrum, men det kjem inn enkeltståande meldingar frå publikum. Det er løyvt midlar til heilårsbenkar som kan kjøpast inn snart.

Eldrerådet vil gjerne kome med innspel til plassering på desse benkane.

OS 04/26 Konsekvenser av vedteke budsjett

Behandling:

Magnhild Sande fekk permisjon 13.30. Det er 4 røysteføre.

Det vart ein diskusjon kring konsekvensane av vedtekne rammer i budsjettet. Eit moment var at det er viktig å nå ut med informasjon til innbyggjarane om dei konsekvensar reduksjon i økonomiske rammer har, ikkje minst gjeld dette for avdelinga veg og park.

Eldrerådet ber om ei orientering på juni-møtet som viser kva konsekvensar årets budsjettet har for eldreomsorga.

OS 05/26 Ynskje om felles møte for Råd for personar med funksjonsnedsetting

Behandling:

Anne Lise Fredly argumenterte for at det var viktig at Eldrerådet og Rådet for personar med funksjonsnedsetting hadde eit felles møte. Arbeidsfeltet til desse råda har mykje til felles. Eldrerådet var samd i at det må arbeidast for eit felles møte utan at det vart gjort eit konkret vedtak.

OS 06/26 Frivilligsentralen

Behandling:

Eldrerådet ber administrasjonen ved kultursjefen orientere om statusen kring frivilligsentralen på juni-møtet.

OS 07/26 Universiell utforming på på dei nye bussane

Behandling:

Jon Leirvik tok opp dei signala som er registrert kring manglande universell utforming av dei nye EL- bussane til VY/Fram.

Eldrerådet kom med følgjande uttale:

Eldrerådet vert uro av dei signala gitt kring manglande universell utforming av dei nye EL-bussane til VY/Fram, og dei negative konsekvensane dette har for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

PS 04/26 Årsmelding Volda eldreråd 2025

Vedtak:

Årsmelding for Volda eldreråd 2024 vert teken til vitende.

Behandling:

Røysting (4 røysteføre):

Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren.

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Årsmelding for Volda eldreråd 2024 vert teken til vitende.